



friskt

Liv, helse og vekst
til våre kundar og
vår vakre natur!



Nr.1 | Juni 2016 | årg.1

Kudemagasin

Side 4-5

1.730.000.000

liter friskt og godt vatn blir produsert i BVA
sitt produksjonssystem kvart år.

Side 6-7

100 tonn is pr.døgn

blir produsert av BVA sitt vatn i Kvednavikjo.
Isen held laksen kjølig til kunden får han.

strakora
BREMSE



Audun Halleraker
Dagleg leiar BVA

Vårt viktige oppdrag!

Bømlo kommune vedtok i kommunestyret 18.11.2002 at det skulle etablerast eit selskap for å ta seg av vatn- og avløpstenestene i Bømlo. Frå vedtektene kan me lesa mellom anna at selskapet skal driva med: «Kjøp, utbygging, drift og vedlikehald av vatn og avløpsanlegg i Bømlo kommune, og andre oppgåver i tilknytning til dette.»

Frå starten av har me arbeidd stødig og målretta for å gjera ein best mogleg jobb på vegne av vår eigar. Me har bygd og tatt i bruk nye anlegg, oppnådd eit stabilt og godt produkt og redusert lekkasjar betydeleg.

Det siste året har me arbeidd målretta med vårt forhold til kundar og omgivnader. Som leverandør av livsviktige vatn- og avløpstenester ynskjer me også å kommunisera betre med våre kundar, eigarar og samfunnet rundt oss. Bli tydelegare på kven me er og kva me driv med. Slik kan folk forstå betre det me seier og gjer når dei møter oss i ulike samanhengar.

Me prøver å kommunisera dimensjonane over det me produserer og leverer i tillegg til dei krav ulike mynde set til den type tenester og produkt me har. Me meiner me må bli tydelegare om kva ansvarsdeling lovverket og mandatet vårt gir. Elles er det lett for at våre kundar har for høge forventningar til kva me kan tilby dei.

Særleg nye kundar kjenner lite til kva forplikting dei har og kva forplikting BVA har. Dette tar me tak i gjennom utvikling av nytt informasjonsmateriell for dei som kjem og skal bygga seg hus eller hytte. Me håper denne satsinga og medvit rundt korleis me møter kundar og aktørar skal gi gode resultat!

Det er med stoltheit me presenterer våre dyktige medarbeidarar. Dei er på jobb dagleg for å gi våre kundar og lokalsamfunn stadig betre vatn- og avløpstenester. Dei er også parat til å trø til når utføreset hendingar eller kriser slår inn. Det er noko me har jamne øvingar og drilling på. Denne beredskapen er ei side som syns lite, kanskje fordi han fungerer godt.

Men me kan alltid bli betre på alle områder og me oppfordrar våre kundar og andre til å ta kontakt om de har innspel og tips; kritikk eller ros. Då kan me betra oss og arbeida med dei sidene der me ikkje er gode nok.

God sommar!

Audun Halleraker
Dagleg leiar

Bømlo Vatn og Avløp syter for nok reint vatn og miljømessig handtering av avløp 24 timar i døgnet for våre abonnentar. Dette gjer me på oppdrag frå Bømlo kommune, basert på vår kompetanse, infrastruktur og system.



Vår visjon er:
Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.

«FRISKT» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpselskap AS
Ansv. red. Audun Halleraker
Design, tekst & foto: Synleg AS | Magne Raknes og Vegard Røslund
Distribuert til hushaldningar og bedrifter i Bømlo og kundar av BVA.



Forsidebilde: Tor Eivind Gilje i arbeid med lekkasjesøk på Leite.

BVA sitt arbeid med tetting av lekkasjar har ført til at me er nede i 15 % som er blandt dei beste resultat i landet.



BVA sitt nye ansikt

Bømlo Vatn og Avløpselskap har det siste året vore gjennom ein prosess for å bli medvitne på kven me er og korleis me arbeider og kommuniserer. Me skal bygga gode relasjonar internt, mot vår eigar, kundar og samarbeidspartnarar.

Oppdrag og mandat

Vår oppgave og mandat kjem frå Bømlo kommune. Me skal bygga ut, drifta og vedlikehalda vatn- og avløpsanlegg i Bømlo kommune og andre oppgåver i tilknytning til dette. Det krev ein handlekraftig og effektiv organisasjon med kompetanse og vilje til å gjennomføra alt frå rutinemessige jobbar til meir komplekse, tekniske oppgåver. Til dette har me ein stab på 18 personar med høg kompetanse og godt humør, som verkeleg står på når det trengs!

Omdømet vårt er viktig

I det daglege møter me innbyggjarar, kundar, politikarar og andre. Me ser at det er

ulike forventningar til våre tenester. Det kan vera ulike reaksjonar på dei svar me gir på spørsmål som kjem til oss. Nokon blir skuffa, andre glade. Me trur det har noko med kva forventning ein har hatt på førehand. Dette gjer noko med omdømet vårt, og me ynskjer å bli forstått rettast mogleg. Difor set me i verk tiltak som me håper skal vera gode i forhold til forståelsen av selskapet.

Informasjon

Vårt ynskje er at flest mogleg skal ha god kunnskap om kva og kven BVA er. Me vil fortelja om dei rammevilkår våre mynde har bestemt og som me må halda oss til. Dessutan er det ei rivande utvikling i kommunen vår, stor utbyggingsaktivitet og mange nye huseigarar kjem i kontakt med oss for første gong. Difor er eit av tiltaka informasjonsmagasinet du no held i hendene, og som me har kalla «friskt». Med namnet ynskjer me å peika på resultatet av eit godt vatn- og avløpselskap; «Liv, helse og vekst», eit friskt samfunn! Folk med god helse og vilje til å satsa på framtida.

«BVA ynskjer å bli oppfatta som imøtekommande, kompetente og moderne.»

Frå BVA sin omdøme strategi

Me ynskjer å møta våre kundar og omgivnader ope og imøtekommande, visa vår kompetanse og at me er eit moderne selskap som bygger for framtida og det moderne samfunnet sine krav.

Gjennom god intern kommunikasjon vil me også prøva og betra våre svar til dykk som spør, slik at dei blir rette og i tråd med det BVA har høve til å gjera innanfor lovverk og forskrifter.

Ny logo

For å uttrykka endringane me er oppe i og tydeleggjera vår bodskap tar me frå i sommar av

i bruk ny logo og visuell form. Den vil visa seg i vår kommunikasjon og visuelle uttrykk på bilar, skilt og klede.

Vårt ærlege, store ynskje er at me skal gjera oss betre forstått og at dine forventningar til Bømlo Vatn og Avløpselskap skal vera moglege å innfri.

Vår nye logo

Dei tre elementa i logoen tar utgangspunkt i forretningsideen vår: «Bømlo Vatn og Avløp syter for nok reint vatn og miljømessig handtering av avløp 24 timar i døgnet for våre abonnentar...»



Produksjon av 1,7 milliard liter reint, forskriftsmessig vatn

Kvalitetssikra og godkjent, 24 timar i døgnet

Forskriftsmessig handtering av avløp

Me legg dei inn i blå boksar, mjukar litt opp og legg til ei grøn, lita spire:

Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur

BØMLO VATN OG AVLØP



BVA produserer ufattelige mengder vatn i året. Dersom me tappa det i einliters kartongar ville dei rekke tre gonger rundt jorda ved ekvator!

1.730.000.000 liter i året –

med kvalitet i kvar dråpe

BVA produserer ein milliard sjuhundreogtretti millionar liter vatn i året. - Om du fyller vatnet på einliters kartongar og set dei på rekke etter kvarandre, vil dei rekke vel tre gonger rundt jorda ved ekvator!

Enorme mengder

Me tar det ofte for gitt, tenkjer at vatn er noko naturen gir oss rikeleg av på våre kantar. Og det er jo rett, for så vidt. Sjølv om det hender at me får med oss nokre restriksjonar, så sparer me sjeldan på det klare, gode vatnet me kan gleda oss over. Men det kjem ikkje av seg sjølv!

Naturleg råvare

Bømlo Vatn og Avløpsselskap hentar vatnet frå naturen, råvara ligg i nokre av dei flotte idyllane på den vakre øya vår. Det krevst over trehundrefemti kilom-

eter røyr og leidningar for å transportera dette vatnet inn til dei tre produksjonsanlegga våre og ut til kundane. På produksjonsanlegga blir vatnet reinsa og handtert slik at det gode vatnet me kjenner frå springen blir ein realitet. - Så blir det pumpa ut på neste etappe til abonnentane. Noko av det blir sendt opp til eit av dei 11 høgdebassenga rundt om i kommunen for å gi vatnet nok trykk.



Vatn er ferskvare

Høgdebassenga fungerer også som beredskapmagasin for brannvatn. Vatnet er ferskvare og er ute hos kundane våre i løpet av 14-35 timar. - Og det er den same, høge kvaliteten anten me drikk det, dusjar i det eller vaskar terassen med det!

Driftsoperatør Morten Andreassen sjekkar ein ventil i det moderne produksjonsanlegget i Åreiddalen.

Det blir tatt prøvar av vatnet rundt om på utvalde stader på leidningsnettet til BVA kvar einaste veke. Prøvane blir analysert for å avdekke eventuelle feil med vasskvaliteten. Me har vore med Alf Helge Sørenes på hans måndagsrunde for å ta vassprøvar.

På ulike stader

Me får sitja på med Alf Helge på ein del av runden. Han tar med seg eit par sterile prøveflasker, og ruslar bort til utekranen på veggen til ein privat bustad i Siggjårvågen. - Dette er enden på Foldrøy-nettet, seier Alf Helge. - Me har sjølvsgatt avtale med eigaren, kommenterar han lunt i det han «svir av» tappetuten med

ein gassflamme. - Dette gjer eg for at det ikkje skal snika seg inn noko som gjer at testen blir øydelagt. Etterpå renn det i nokre minutt før den viktige vassprøven endeleg får lov til å fylla den halvliters forsegleta plastflaska.

Til Stord for analyse

Når Alf Helge har tatt alle prøvane frå dei ulike delane av kommunen, kjører han over bruene til Slab, laboratoriet som utfører analysane av vatnet. Der treff me Natalia Hansen som er kvalitetsleiar. Ho forklarar korleis dei analyserer vatnet og kva dei først og fremst ser etter. - Våre analyser skal avdekka for høge mikrobiologiske, kjemiske og fysiske verdiar i høve til forskrift om drikkevatt. Forskrifta seier til dømes at det ikkje skal vera meir

enn 100 bakteriar pr. ml vatn. Kvar enkelt verdi er ikkje åleine ein indikasjon på om det er skadeleg. Avhengig av kva ein finn må ein setja inn tiltak for å bøta på det som er oppdaga. Ho legg til at det på Bømlo er svært sjeldan ein finn noko, der er vasskjeldene godt sikra.

Viktig tryggleik

Etter å ha sett på dei utførlege testrundane, kolbar, reagensrøyr og analyser i datamaskiner kjenner me på at det er godt det finns dyktige fagfolk som tar seg av dette!

- For BVA er tryggleiken til kundane våre det viktigaste. Difor er me alltid i beredskap og føre var når det gjeld vasskvaliteten, seier dagleg leiar i BVA, Audun Halleraker.



Foto: Salmon Brands

Den lekre SALMA-laksen utgjør om lag 15% av Bremnes Sashore sin egen produksjon.



Isen fra maskina til høgere blir nytta til å kjøla ned den ferske laksen i kassar, som Aistis Navikauskas her viser.

SALMA – sterk merkevare.....

På spørsmål frå «FRISKT» om kva SALMA er, svarer sals- og marknadssjef Simon Nesse Økland som den mest sjølv-sagte ting: «Verdens beste lakseprodukt.»

Kvednavikjo - store endringar

Me er med dagleg leiar i BVA, Audun Halleraker på eit besøk i Kvednavikjo. I det me svinger ned mot fabrikkens ser me det. Nye bygningar, stor ny parkeringsplass, store trailarar står og ventar. - Her er ganske annleis enn då me låg på kaikanten og fiska og leverte til Olafen, og tente nokre kroner. Eller hadde hå-egg-krig med dei andre gardsgutane; det stinka! Audun humrar ved tanken, han vaks opp i området og hugsar godt korleis det var på syttitalet. No er det heilt annleis; me går inn i resepsjonen og blir tatt vel imot,

signerer og får «visitor»-lapp på brystet. Me har avtale med Simon Nesse Økland, og der kjem han, solbrun og smilande. Nokre trapper og me er oppe i det lyse, fine kontorbygget med tilhøyrande moderne møterom.

Eit spesielt produkt

Simon, og etter kvart fabrikkssjef Geir Ivar Ådnanes, utdjuper det som kanskje kunne oppfattast som litt sjølvgodt skryt om kva SALMA er; SALMA er superfersk, lågt stress, god tekstur, hygienedesigna produksjonslinje, med meir. Men først og femst ein slakte- og pakkeprosess som tar under 4 timar frå levande fisk til ferdig trimma loins. Delikat vakuumpakka i prisløna emballasje og klar for transport. Og produktet har fått ei rekke prisar både innanlands og utanlands: I sitt tiende år vinn dei prisen for årets sjømat oppdrett frå Det Norske Måltid:

Mange av våre kundar blir overraska når me seier at me reingjer og spylar med drikkevatt.

Geir Ivar Ådnanes
Fabrikkssjef

«Design, teknologi og produkt gir inntrykk av ypperste kvalitet. Lukter friskt av sjø og har en ren og god smak. SALMA representerer innovasjon i norsk matproduksjon på en fantastisk måte.»

Oppdrett i ni kommunar

Bremnes Seashore har 28 anlegg i ni kommunar i Hordaland og Rogaland. Det er om lag 400 tilsette i konsernet, om lag 150 i Kvednavikjo.

15% av produksjonen blir til SALMA-produkt. Resten av dei 30.000 tonn årleg eigenproduksjon er laks som blir sendt verda rundt som filetar eller rund laks. I tillegg slaktar dei 20.000 tonn for andre. - Med andre ord om lag 1000 tonn i veka, som blir lasta om bord i over 50 trailarar kvar veke for å finna sine mål der ute i verda. Denne laksen har same utgangspunkt som SALMA-laksen, men blir vidarehandsama på ein litt anna måte.

Produsert med BVA-vatn

I to tårn på Bremnes Seashore sitt anlegg går ismaskinene så og seia kontinuerleg. Det blir produsert opp mot 100 tonn i døgeret i maskina!

Vatnet er avgjerande

Fabrikkens nyttar om lag 800 m³ vatn i døgeret, eller 240.000 m³ i året, til ulike føremål. At me har tilgang på stabilt vatn med god kvalitet frå BVA er me svært nøgde med. Det gjer at me m.a. kan produsera dei 100 tonn is me treng i døgeret for å kjøla ned laksen under transport ut til mottakaren. I tillegg er vatnet avgjerande i produksjonen og gjer at me kan halde svært god hygiene. Me nyttar det til reinhald av maskiner og lokale. Hygiene er avgjerande for vår kvalitet. Mange

av våre kundar blir overraska når me seier at me reingjer og spylar med drikkevatt.


Fabrikkssjef Geir Ivar Ådnanes haler oss opp ei bratt trapp og inn ei dør i eit kvitt tårn. Der openberrar det seg to mindre tårn med luker i. Når han opnar dei ser me rett inn på to store tromler som sakte snurrar rundt. På dei ligg det eit lag med is som blir skrappt vekk og ramlar ned i ein silo under. På ei omdreining frys vatnet som blir sprøytta på og slik blir det store

mengder «tynn-is», altså om lag 100 tonn i døgeret.

Full tillit til BVA sitt vatn

Bremnes Seashore har full tillit til det produktet BVA leverer. Dei har eigne filter i tilfelle noko uføresett skulle skje, men kontrollen BVA har er god og tilfredstillende deira krav.

Fabrikkssjef Geir Ivar Ådnanes og sals- og marknadssjef Simon Nesse Økland i engasjert prat med dagleg leiar i BVA, Audun Halleraker



Me elsker det!

Vatnet har ein heilt spesiell plass i våre liv. Frå me er små elsker me å bada og leika med vatn. - Vatn framkaller gledeshyl og begeistring. Og vidunderlege kjensler når den varme dusjen fornyar ein trøtt og lemster kropp. - Og me brukar det til veldig mange ting!*

Vatn blir nytta til ei mengd ulike oppgåver i vårt moderne samfunn. Frå kvardagslege ting til spektakulære show og til og med avanserte skjæremetodar av papir og metall i industrien!

Mat og drikke

Me vil gjerne ha rein mat. Me vaskar salatblad og gulrøter. Kokar poteter, ris og nudlar i vatn. Me brukar vatn når me skal laga ei suppe med mykje godt i. Då vil me ha reint vatn!

Det har me i Norge. Skru på springen, og du får det du treng.

Etter middagen vasker me opp, vaskar benker og bord. Nokon gongar vasker me golv og andre stader der skit samlar seg.

Sidan me får tak i godt vatn kan me halda høgt nivå på hygien. Vask med såpe og vatn tar mange bakteriar som elles kunne gjort oss sjuke.

Vask og hygiene

Klevask heime går greit når me har vaske-maskin. På sjukehus gjeld det sengetøyet og dei tilsette sine klær. På hotella gjeld det sengetøy og dukar, bad og rom. Kafear og restaurantar må ha reine dukar, toalett, kjøken og servise, og dei som jobber på alle desse stadane må vaske hendene grundig og ofte. Hygienen må vera så god at folk ikkje blir sjuke!

Me kan fjerne mange smittestoff når me vaskar med lunka vatn og såpe. På eit sjukehus er det strenge krav til hygiene. Heile tida er det folk som vaskar vaskeservantar, dørhandtak og golv, berre for å nemna noko. Utstyret legane brukar på pasientane, må reingjerast på ein spesiell måte. Ofte brukar ein autoklav, ein spesiallaga trykk-kokar som drep bakteriar og virus.

Og me kan nemna mykje meir: Vatning av blommar og grønnsaker, transport av avfall, sløkking av brann, oppvarming av hus osv.



Best mot tørste

Vatn er den beste tørstedrikk for både vaksne og barn. Vatn er tilrådd som drikke både til måltid og mellom måltida. *

Kroppen treng minst 1,5 liter, aller helst 2,5 liter væske i døgeret. Du får om lag 1 liter av dette via maten. Det betyr at du bør drikka rundt 1 1/2 liter, men behovet varierer mykje med alder, temperatur og aktivitetsnivå. Du treng ikkje å være tørst før du drikk. Nokon kjenner tørste godt, mens andre ikkje kjenner det før dei er slitne, slappe eller har vondt i hovudet. Det er lurt å læra seg å lytta til signalet frå kroppen om at ein er tørst og følgje det.

Som med det meste skal ein heller ikkje overdrive vassdrikkinga. Det er ikke slik at jo meir vatn, dess betre uansett. Kanskje får du noko av væsketongen dekket av anna drikke, men prøv å velje vatn først.

Kroppen må ha vatn for å kunne ta opp næringsstoffa og transportera dei til cellene som treng det. Fordøyelsen treng vatn for at me skal unngå forstoppelse.

Ti gode grunnar for at vatn er det beste når kroppen treng væske:

1. Vatn sløkkjer tørsten mest effektivt
2. Kroppen treng vatn for at alle delar av det avanserte kroppsmaskineriet skal virka bra

Ved trening taper kroppen væske, då er det ekstra viktig å tilføra vatn. Gunhild Bergtun tar meir enn gjerne med seg ei flaske BVA-vatn på trening.

3. Vatn er gratis, kalorifritt og lett tilgjengeleg i Norge
4. Vatn gjer at du tåler varmen betre
5. Vatn kan gjera at du får mindre vondt i hovudet
6. Vatn under treningsøkta er nødvendig for å prestera bra
7. Vatn etter treningsøkta er heilt nødvendig for at kroppen skal komma seg raskt og blir klar for nye prestasjonar
8. Vatn er bra for tennene
9. Vatn er bra for huden
10. Vatn er nødvendig for å tenka klart

* Teksten er henta frå "ung.no" og omsett til nynorsk

Vasskjeldene - kvar kjem vatnet me får i springen frå?



Mest overflatevasskjelder i Norge*

Vasskjeldene i Norge er mange, og me er heldige som har lett tilgjengeleg vatn i store mengder. Grovt sett skil me mellom to typar vasskjelder: overflatevasskjelder og grunnvasskjelder.

Overflatevasskjelder i Norge er innsjøar og elvar, og over 90 % av drikkevatnet kjem frå kjelder som dette. Grunnvatn frå lausavsetningar, fjell og oppkome er av vesentlig betydning for vassforsyninga, og desse gir drikkevatt til om lag 10 % av befolkningen. Sjøvatn og oppsamla regnvatn blir også nytta som vasskjelder.

Sjølv om Norge byr på mykje friskt og reint vatn, må vasskjeldene beskyttast og forvaltast på ein god måte. Arealbruken rundt kjelda må være restriktiv for å kunna oppretthalda god vasskvalitet og vera sikra mot uønska hendingar som kan trua vassforsyninga. Kostnadene ved å ta i bruk nye kjelder lengre borte vil vera store. Også andre prosesser påverkar vasskjeldene. Auka mengde humus (organiske materiale) blir vaska ut i vasskjeldene som følgje av mindre sur nedbør og klimaendringane. Dette gir auka farge på vatnet og set større krav til vassbehandlinga.

* Tekstane delvis er henta frå "norskvan.no" og omsett til nynorsk

Strenge krav til vatn

«Rent vann er en livsnødvendighet for alle levende organismer. Det daglige væsketap må erstattes med tilførsel av ny væske....»

Det skriv Folkehelseinstituttet på sine nettsider, og fortset: «og fra et helsemessig synspunkt er det ønskelig at det meste erstattes med rent drikkevann, og minst mulig med andre, mindre helsebringende drikkevarer.»

Vidare sier dei at drikkevatt skal vera hygienisk betryggande, klart og utan framtreddande lukt, smak eller farge. Det skal ikkje innehalde fysiske, kjemiske eller biologiske komponentar som kan føre med seg fære for helseskade i vanleg bruk.



Slab analyserer BVA-vatnet for å sjekka at det er i tråd med forskrifter og trygt å bruka.

BVA sine produksjonsanlegg har prosessar råvatnet må gjennom for å oppnå tilfredsstillende fysisk, kjemisk og biologisk kvalitet. Det finns ei rekke forskjellige vassbehandlingsmetodar som kan takast i bruk, og me har vald våre ut fra vasskjeldene sin karakter, råvatnet sin kvalitet, størrelse på anlegget, driftsforhold og økonomi.



Stor byggeaktivitet

Det blir bygd ut nye byggefelt, vegar i Bømlopakken blir rulla ut og næringslivet ekspanderer. I vår er BVA med på tre større prosjekt i kommunen.

Stokkabekken - Siggjarvåg.

I samband med ny veg Stokkabekken -Siggjarvåg legg BVA ny hovudvassforsyning i traseen. Den skal knyta produksjonsanlegga i Hollundsvatnet og Åreiddalen saman. Det blir også lagd ny vassforsyning til Foldrøy og Siggjarvåg. Anlegget inneber om lag 11 kilometer

nytt vassleidingsnett. - Det vil også bli montert ny pumpe- og målestasjon for vatn på Ekornseter. Den skal auke trykket på vatnet mot Foldrøy og flytte vatn nord eller sørover i hovudvassforsyninga.

Kostnaden på prosjektet er ca 25 mill. og er planlagt sett i drift januar 2017.

Foldrøy skule.

Dette er eit samarbeidsprosjekt med Bømlo kommune for å fornya avløpsleidingar og få brannvassdekning til skulen.

Når nye byggefelt blir etablert må nye vass- og avløpsanlegg på plass, her i Tverråno.

Det skal gravast om lag 500 meter med grøfter. - Arbeidet er starta og planlagt avslutta i november 2016. Kostnad på prosjektet er ca 6 mill.

Tverråno VA anlegg.

I Tverråno blir det bygd ny kloakkpumpestasjon med tilhørande leidningsanlegg i sjø og på land. Prosjektet er planlagt ferdig september 2016 og har ein kostnad på ca 2 mill.

Andre driftsprosjekt

- Utskifting av Laurhammer kloakkpumpestasjon.
- Anskot (Finnås) ny utsleppsleiding for avløp.
- Skifte av utsleppsleiding frå Møllevåg kloakkpumpestasjon starter i august / september.



Frå byggemøte mellom BVA, kommune og entreprenør ved prosjektet ved Foldrøy skule.

Hagevatninga - kva er det med den?

Mange undrar seg over dette med hagevatning, det har ikkje vore mange finversdagar, så kjem beskjeden: «Vatningsforbod»! - Det har då bötta ned i vekevis før finveret kom, tenkjer me, meir enn nok vatn!

Forklaringa er BVA sin produksjonskapasitet. Dersom du vatnar med hageslange går det meir enn 10 liter i minuttet ut. Det blir

600 liter i timen eller 14.400 liter i døgeret. Dersom 500 hageeigarar vatnar samstundes brukar ein rett og slett opp heile produksjonskapasiteten til BVA.

Vatningsforbod sikrar difor at det er nok vatn i høgdebassenga ved brann og nok vasstrykk til dei abonnentane som bur høgt.



Lekkasjesøk med avansert utstyr er ein del av BVA sin beredskap. Me har overvaking av vassforsyninga 24 timar i døgeret, kvar dag, heile året.

Beredskap heile tida!

Eit moderne VA-selskap opererer ei mengd kompliserte, tekniske innretningar og styringssystem. Til dette har me 12 driftsoperatørar som trygger drifta kontinuerleg.

«Me har ikkje vatn!»

- Beredskapen til BVA går kontinuerleg heile døgeret, heile året. Skulle det komma inn meldingar eller telefon om svikt i vassstilførselen rykker me ut umiddelbart, seier driftsleiar Jarle Andreassen. - Me

overvaker kontinuerleg både vatn og avløp, og våre tekniske system sørger for at alarmer går hos dei som har vakt til ei kvar tid, om noko er feil.

Beredskap

Leidningsbrot av ulike grunnar, bortfall av straum over tid og anna kan gi utfordringar i å halda vasstrykket oppe. Vår organisasjon tar beredskapen på høgste alvor. Me har planar for og jamne øvingar, internt og saman med andre, for å kunna takle uføresette hendingar og kriser på best mogleg måte.



Ta kontakt!

Det er mange spørsmål og ting våre kundar treng svar på.

Ring til Anja så vil ho visa dykk vidare til den som kan svara best på det du lurar på!

Visste du at...

BVA sitt leidningsnett for vatn og avløp er på over 500 kilometer? Me har tre reinseanlegg som forsyner store delar av Bømlo kommune med reint vatn. BVA produserer årleg 1,73 milliard liter vatn til sine abonnentar, kring 35% av dette går til industrien.

Vatn er ei ferskvare, og det tek mellom 14 og 35 timar frå vatnet er produsert til det er ute hos abonnentane.

Drikkevassforskrifta set strenge krav til korleis kvaliteten skal vera på godt drikkevatt. Vatnet BVA leverer tilfredstiller desse krava, alt vatnet blir reinsa og det vert årleg teke kring 1200 prøvar av vatnet.

Vann-vittig :-)

Den gravide, unge Bømlojenta ringer lettare panisk til mora i det ho kjenner at fødselen er på gang, nokre veker før termin.

- Mamma, vatnet har gått!

- Over heile feltet? spør mora....



Bømlo Vatn og Avløpselskap AS

Org. nr. 985 228 825

Pb 214, 5445 Bremnes

Besøk: Hollundsdalen

Tlf: 53 42 88 40

Vakt: 53 42 88 45

Retur: Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Pb 214, 5445 Bremnes




Foto: Salmon Brands



Våre kundar produserer varer av beste kvalitet. Me er stolte leverandørar av stabilt og godt vatn til produksjonen!



friskt